Fyresdal kommune

Arkiv:	38/19
Saksmappe:	2026/576-10
Saksbeh.:	Mona Gundersen
Dato:	29.10.2026

Saksframlegg

Klage på vedtak i sak 44/2026 - frådeling av næringstomter gbnr. 38/19

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:
PS 44/2026: Søknad om frådeling av næringstomter gbnr. 38-19 - dispensasjon

Vedlegg
1 Klage på vedtak i HPM-SAK 44-26 261013 184313 1.jpg
2 Klage på vedtak i HPM-SAK 44-26 261013 184313 2.jpg

Bakgrunn for saka:
Hovudutval for plan og miljø behandla sak 44/26 den 29.09.2026 om dispensasjon for frådeling av to område til framtidig næringsføremål på eigedomen gbnr. 38/19.
Utvalet vedtok å gje dispensasjon for Område 2, men ikkje for Område 1. For Område 1 gjorde utvalet følgjande vedtak:
«Område 1 blir det ikkje gjeve dispensasjon for, då dette arealet ikkje er eigna til omsøkt formål.»

Vedtaket vart meddelt søkjar i brev datert 01.10.2026.

Det er motteke klage frå Gunhild Agnes Svalestog datert 09.10.2026. Klagen er fremja innan klagefristen og vert teken opp til realitetsbehandling.

Klagegrunnane
Klagar viser til at kommunedirektøren i si faglege vurdering konkluderte med at omsynet bak reguleringsføremålet flyplass og LNF ikkje ville bli vesentleg tilsidesett ved frådeling av Område 1.
Vidare vert det vist til at området ligg i ytterkanten av flyplassområdet, at flystripa i dag nyttar mindre areal enn opphavleg, og at det etter klagar sitt syn framleis ville vere tilstrekkelege tryggleikssoner og areal tilgjengeleg for flyplassføremålet.
Klagar peikar også på at det er behov for næringsareal i området, og meiner Område 1 er eigna til framtidig næringsføremål.
På denne bakgrunn ber klagar om at vedtaket vert omgjort.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling

Spørsmålet i klagesaka er om det har kome fram nye opplysningar eller moment som gir grunnlag for å endre vedtaket gjort av Hovudutval for plan og miljø.

Klagar viser til at kommunedirektøren i den opphavlege saka vurderte at omsyna bak reguleringsføremåle flyplass ikkje ville bli vesentleg tilsidesette ved ei frådeling, og at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 vart vurderte som oppfylte. Klagar meiner vidare at arealet har eit omfang og ei plassering som gjer det eigna til framtidig næringsføremål.

Kommunedirektøren registrerer at klagen i hovudsak byggjer på dei same opplysningane og argumenta som låg føre ved behandlinga av saka i Hovudutval for plan og miljø. Opplysningane om arealet si plassering i høve flystripa, storleiken på området, eksisterande bruk av flyplassen og mogleg framtidig næringsutnytting var kjende for utvalet då vedtaket vart fatta.

Ved behandlinga av saka valde utvalet å fråvike kommunedirektøren si innstilling når det gjeld Område 1. Utvalet la til grunn at arealet ikkje var eigna til omsøkt føremål, og fatta vedtak om å ikkje gje dispensasjon for dette området.

Kommunedirektøren legg til grunn at vurderinga av om eit areal er eigna til framtidig næringsutvikling, er ei brei skjønnsmessig vurdering der det mellom anna kan leggjast vekt på arealet si plassering, omgjevnadene, eksisterande arealbruk og omsynet til framtidig utvikling av området. Sjølv om eigedomen ligg i utkanten av dagens operative flyplassområde, ligg han framleis innanfor eit område regulert til flyplassføremål. Frådeling av eigedom med uttrykt sikte på framtidig næringsføremål vil kunne leggje forventningar og føringar for framtidig bruk av arealet, sjølv om ei frådeling i seg sjølv ikkje gjev rett til utbygging.

Hovudutvalet har gjennom vedtaket lagt til grunn at det omsøkte området ikkje bør takast i bruk som framtidig næringsareal. Dette er ei vurdering utvalet gjorde på bakgrunn av det samla arealgrunnlaget og dei omsyna som gjeld for området. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at klagen tilfører nye faktiske opplysningar eller andre forhold som tilseier at denne vurderinga bør endrast.

I klagebehandlinga må det også leggjast vekt på at kommunen sitt folkevalde organ har teke ei medviten stilling til arealet si eignaheit. Klagen inneheld ikkje nye moment som svekkjer grunnlaget for det skjønnet utvalet utøvde i den opphavlege saka.

Etter ei samla vurdering finn kommunedirektøren derfor ikkje grunnlag for å omgjere vedtaket.

Konklusjon:
Klagen inneheld ikkje nye faktiske opplysningar eller rettslege forhold som tilseier ei anna vurdering enn den Hovudutval for plan og miljø gjorde i sak 44/26. Kommunedirektøren rår difor til at klagen ikkje vert teken til følgje.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med heimel i forvaltningslova §§ 28 og 33 vert klage frå Gunhild Agnes Svalestog, datert 09.10.2026, ikkje teken til følgje.

Vedtak i HPM-sak 44/26 av 29.09.2026 vert oppretthalde.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg klagehandsaming.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør